

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet - 18.06.2014

### Innkallingar til generalforsamlingar:

Kontrollutvalet viser til kommunelova § 80 Selskapskontroll der det m.a. stå dette:

*«Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.»*

Fram til no har rutinen vore at fylkesrådmannen med ujamne mellomrom har sendt oversyn over innkallingar til generalforsamlingar til kontrollutvalet via sekretariatet. Siste oversyn vart motteke 4.6.2014. Dette oversynet viste at fleire av generalforsamlingane skulle haldast kort tid etter at kontrollutvalet hadde motteke innkallingane. Som døme kan desse 2 selskapa nemnast:

Selskap	Motteke i KUV	Dato for generalforsamling	Dato for journalføring i Hordaland fk
Hardangerbrua AS	4.6.2014	5.6.2014	8.5.2014
Fastlandssamband Halsnøy AS	4.6.14	13.6.14	27.5.14

Som det går fram av matrisen over vart desse to innkallingane journalført i Hordaland fylkeskommune sitt dokumenthandteringssystem i god tid før dei vart send vidare til kontrollutvalet. Kontrollutvalet hadde planer om å kunne delta på desse to generalforsamlingane i 2014, men med så korte fristar let det seg diverre ikkje gjera i praksis.

På bakgrunn av dette oppmodar kontrollutvalet fylkesrådmannen om å syta for at oversyn over innkallingar til generalforsamlingar vert send kontrollutvalet etter kvart som dei ligg føre.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet oppmodar fylkesrådmannen om å syta for at oversyn over innkallingar til generalforsamlingar vert send kontrollutvalet v/sekretariatet etter kvart som dei ligg føre.
2. Det kom elles ikkje fram noko under eventuelt.